

**Referent:** Ingunn Bårtvedt Skjerdal

**Dato:** 01.11.2022

<b>Emne:</b>	<b>Referat frå regionalt planforum 13.9.22 - detaljreguleringsplan for E39 Storhaugen - Førde og KDP for Rv 5 Erdal - Naustdal</b>		
<b>Til stades:</b>	Magna Vangsnes	E39 /rv5	Statens vegvesen
	Marius Slinde	E39	Statens vegvesen
	Siri Guldseth	E39	Statens vegvesen
	Amalie Krog Klette	E39	Statens vegvesen
	Øystein Bueie Holstad	E39 /rv5	Statens vegvesen
	Oddvar Andreas Skrede	E39 /rv5	Statens vegvesen
	Svein Dale	E39	Statens vegvesen
	Eirik Heggheim Rørvik	Rv5	Statens vegvesen
	Arne Kringlen	Rv5	Norconsult
	Harald Eikenes	Rv5	Sunnfjord kommune
	Odd Harry Strømsli	E39 /rv5	Sunnfjord kommune
	Joar Helgheim	E39 /rv5	Sunnfjord landbruk og miljø
	Ole-Jakob Sande	E39	NVE
	Margit Sandem Fjellengen	E39	NVE
	Eirik Brynjelsen	E39	Statsforvaltaren
	Gunn Tove Nyheim	E39	Statsforvaltaren
	Silje Elvatun Sikveland	E39	Statsforvaltaren
	Eva Katrine R. Taule	E39 /rv5	Sud-PKF fagansvarleg kommunale planar
	Ingunn B. Skjerdal	E39 /rv5	SDU-PKF koordinator planforum
	Rannveig Berge	E39 /rv5	SUD-PKF kommunekontakt
	Gunnhild Sande	E39 /rv5	INV
Janne Grønli	E39	INV	
Berit Alise Høivik	E39 /rv5	KII kulturarv	
Birgit Tansøy	E39 /rv5	KII kulturarv	
Anders Søyland	Rv 5	KII idrett og friluftsliv	
<b>Forfall:</b>		<b>Sak:</b> 2022/4000 - 33	
<b>Møtetid:</b>	13.09.22 kl 09.30-11.30	Møtestad: digitalt på teams	

**Møteleiar:** Eva Katrine Taule

Referentar: Rannveig Berge og Ingunn B. Skjerdal

### Reguleringsplan E39–Storehaugen- Førde

Statens vegvesen orienterte om planarbeidet.

Utgangspunktet for reguleringsplanen er KDP Langeland- Moskog frå 2013. Strekninga vil korte ned E39 med 6km.

Orientering om Brulandsida:

#### Bekk

SVV ønskjer å lukke bekken i anleggsperioden, sidan dei treng arealet og er redd for forureining mot Jølstra. Etter ferdigstilling vil bekken vere delvis open. Det vart påvist sjøaure i bekken i fjor haust.

av 4

Ønskjer å betre forholda for sjøauren. Konsulenten har føreslått tiltak som mellom anna er å etablere større og mindre kulpar i vassdraget. Auren trekk opp så langt som mogleg for å gyte og overvintre. Der SVV må lukke bekken, føreslår dei å nytte fleksiterskel, konsulenten har god erfaring med det. Terskelen hindrar vatnet litt, og gjer det enklare for fisken å gå opp. Fleksiterskelar er aktuelt både der ein må lukke bekken permanent og midlertidig. Det er lite vatn i bekken og den botnfryst i dag, så dårleg tilhøve for auren. Bekkelukking/ opning for fisk er i konflikt med landbruk her, da det er ønskeleg å auke jordbruksareala og dermed lukke meir av bekken. SVV ønskjer innspel på kva ein bør prioritere og peikar vidare på at det er viktig å bevare vegetasjon, fugl og flaggermus i krattvegetasjonen langs Jølstra. Det er føreslått å plante ein del vegetasjon for å ivareta korridorane der fugl/ flaggermus jakter.

NVE:

Generelt innspel til bekken er å halde den lukka strekning så kort som mogleg, og lage flatare botn så fisken kan stoppe opp, og ikkje berre vandre. Å lukke bekken lengre for å auke landbruksareal vil vere negativt for fiske og allmenne interesser. Forslår å vurdere om det er mogleg å legge bekken om veganlegget.

SVV: bekken har vore lagt om tidlegare. Vil be konsulentane sjå på om ei lengre omlegging av bekken utanfor veganlegget kan vere eit alternativ.

SF: Landbruksgevinsten er nok ikkje stor nok til at ein kan lukke bekken langt. Det er betre å kompensere ved at ein kan køyre forbi i begge endar. Viss gardbrukar kjem forbi i begge endar må det vere bra. Statsforvaltaren vil likevel ikkje forskottere avvegingar mellom miljø og landbruk.

NVE:

Peikar også på at Brulandsberget er ein av dei betre fiskeplassane i Jølstra. Vil ha fokus på kva løysingar som vert valt der.

### Grunnforhold

Det er antydning til sprøbotn materiale i planområdet. Det er også kvikkleiresone i følgje NVE og NGI, som ein må ta omsyn til. Per no er det ikkje behov for tiltak, men krev mykje dokumentasjon sidan det er påvist kvikkleire i området og sprøbotn materiale. Det er eitt borepunkt der det er funne kvikkleire, utanfor planområdet, og elles er det sprøbotnmateriale. Det tek tid å gjere all dokumentasjonen, og ein må ha uavhengig kontroll. Lett å handtere i samband med veganlegget, sidan det ikkje trengst tiltak, men tidkrevjande å dokumentere. SVV er i dialog med NVE.

### Avkøyring ved Bruland:

Spørsmål frå Eirik Brynjelsen, Statesforvaltaren (i chat):

Vil det kome minst to ramper til når vegen vert bygd vidare, eller vert rundkøyringsløysingar permanent?

SVV:

I KDP ligg det to ramper. Men bør sjå på teiknematerialet som ligg ved kommunedelplanen. Vegen skulle i utgangspunkt vere 6-7m over dagens veg, den ligg på fylling til ein kjem på sjølve rampa. Det var også teikna ei bru, før fylling mot Moskog. Har snudd litt på det, spegelvend systemet, lokalveg går over i staden for tunnel over. Det gjev stor gevinst for landbruket, sidan vegen kan ligge mykje meir nedpå, og ein kan drifte området heilt til vegkanten på sørsida av vegen. Planarbeidet har gjort justering på vegbreidd for mindre arealbeslag. Forståing for at veganlegget går på bru (mot Moskog) berre del av som er tenkt. Legg ikkje føringar for korleis kryssområdet skal bli, når ein har valt løysing.

### Orientering om planarbeidet frå Storhaugsida

Tunnelinnslaget vil vere ved Myra, og vegen kjem ned på eksisterande veg ved Skilbreivatnet. Ved Myra vil planarbeidet gå utover jordbruksareal. Noko av den dyrka marka vil truleg bli brukt til voll, det vil òg vere oppdyrking av landbruksareal på sør/ vest sida av Storeelva. Noko skogareal kan opparbeidast til jordbruksareal. Alle gardbrukarane ønskjer jordforbetring, det er tung jord i dag.

### Overskotsmassar

På Storehaugsida vil det blir massedeponi ved Espeland, arealet er inkludert i reguleringsplanen.

Grunneigarane ønske forbeta jord.

Statsforvaltar: Kva vil fallet på den dyrka marka på massedeponiet på Espeland vere?

SVV: 1:8

av 4

### Naturmangfald

Det jobbast med tiltak for å hindre avrenning mot Espelandsvatnet, som er eit naturreservat. Konsulenten jobbar med fagrappport. Finst ein stærkoloni. Elles ikkje mykje verdiar for naturmangfald, da det er oppdyrka. Litt framande artar, mellom anna ein stor førekomst av kjempespringfrø.

Planarbeidet ligg også på grensa til naturreservat ved Kårstad. Ønsker der å utføre trafikktryggleikstiltak.

Ein del av arbeidet vil vere nært Skilbreivatnet, risiko for å få vatn frå gravearbeid ut i vatnet. Ser for seg å bruke siltgardin. Med tanke på oppstart av arbeidet skal ein ta omsyn til fuglelivet. Viss det er andre ting ein må ta omsyn til oppmodar SVV at det kjem fram i møtet eller i den vidare planhandsaminga.

Det er forbruk av vatn når ein driv tunell, det må sleppast ut ein stad. Har reinseanlegg, som handtera vatn med høg pH og må sedimentar slammet som er i vatnet. Storeelva er truleg einaste alternative til utsleppspunkt. På Brulandsida er Lisjebekken aktuell, eller må det bli sjølve Jølstra. Vatn vil bli henta frå dei same bekkane/ elvene. KU- fagrapportar er på gang, men ikkje ferdig. Det vil potensielt bli store konsekvensar, har avbøtande tiltak som kan redusere omfanget.

### Klimagassutslepp

Planen vil gjere at ein sparar ein del utslepp på transport samanlikna med nullalternativet. Dei største klimagassutsleppa for prosjektet er arealbruksendringar og materialproduksjon. Det er også lagt opp til endringa i høve KDP, løysinga i KDP kom veldig høgt ut på myra og vart veldig arealkrevjande. Vil behalde dagens E39 og nytte den som ny fv 57, har gjort vurdering av samfunnsnytte på denne endringa.

### Kulturminne:

VLFK:

For automatisk freda kulturminne er §9 undersøkingar i gang, det er for tidleg å seie noko meir om det no. Med tanke på nyare tids kulturminne ligg det eit freda bygg på utsida av planområdet på Brulandsida. Men ser ikkje ut at det kjem til å få noko særleg miljøkonflikt som følgje av planarbeidet. Postvegen går i området og må takast med i vurderinga av nyare tids kulturminne.

### Skredfare

Skredfaren må dokumenterast, dette er noko som er i gang.

### Om framdrifta

Mange rapportar er ikkje slutført. Men planen er å legge planen ut på høyring i løpet av hausten. Det er òg naudsynt for å halde framdrifta, som nasjonal transportplan ser føre seg. Vil ikkje kunne ferdigstille alt med geoteknikk på Bruland, men vil legge inn rekkjefølgjekrav.

## Kommunedelplan for Rv. 5 Naustdal- Erdal

Representantar frå Statsforvaltaren forlèt møtet og synte til at dei har bedt om dialogmøte med statens vegvesen knytt til denne saka. Også NVE har fremja motsegn til planen som skal vere tema på dialogmøte, og forlèt møtet.

Statens vegvesen med konsulentar starta med å presentere planarbeidet, som no er på høyring. Fokuset var på alternativet SVV tilrår: E1- N12 til Jarane. Dei to andre alternativa, E1- N4 og E1- N5, vurderer SVV å fremje motsegn til.

Bakgrunn for prosjektet er skredsikring av strekninga Erdal- Naustdal. Strekninga er prioritert i første periode i gjeldande Nasjonal transportplan (20222033). I planprosessen skal ein velje trase. Fleire trasear er blitt konsekvensutgreia, deriblant E8 og E9 som er teke ut etter konsekvens-utgreiinga mellom anna grunna geologi og grunntilhøve i fjorden.

I Erdal vil E1 medføre fylling i sjø, det gjev lite arealinngrep og flytter gjennomgangstrafikk ut av bygda. Fyllinga er ved badestranda, som da vert øydelagt. Det vil bli tilrettelagt for bading på nordsida av parkeringsplassen, etter ønsker frå innbygarane.

av 4

Over Jarane i Naustdal er det fleire trasear ein kan legge, det er no eitt alternativ over Jarane som er lagt ut på høyring (N12). N12 ved Jarane vil gje ny bru over Nausta og påkopling til eksisterande riksveg inne i Naustdaltunnelen. All lokaltrafikk i Naustdal vil gå utanfor rv. 5. Jarane er ei øy med jordbruksareal for seg sjølv, N12 har negativ konsekvens både for jordbruksareala og landskapet.

Vidare i prosessen vil ein jobbe optimalisere traseen mtp å redusere omdisponeringa og ta vare på den jorda som må fjernast slik at den kan nyttast på ny. Gamlebrua ved Naustdalsfossen og ungdomshuset Fosshalla vert berørt av E1- N12. Det er vurdert at konsekvensane for ikkje prissette konsekvensar for N12 er akseptable.

For bruene over Nausta er det eit moglegheitsrom for plassering, og ein vil prøve å plassere pilarar der det er tørt.

E1- N12 kjem best ut på samfunnsøkonomisk analyse, alternativet er best med tanke på trafikktryggleik, samfunnstryggleik og klimagassutslepp. Riksvegen vil bli 1,3 km kortare enn i dag og reisetida reduserast med 2,3 minutt. Trafikken vil gå utanfor Naustdal noko som gjev mindre konflikt med lokal utvikling, betre trafikktryggleik og mindre trafikkstøy.

Kollektivløysing er ikkje avklart – det er moglegheit for rundkøyring via sentrum

KDP handterer ikkje massedeponi – det må avklarast i vidare arbeid med reguleringsplan for veganlegget.

#### **Sunnfjord kommune:**

Peikar på at Statsforvaltaren burde vore tilstades i planforumet også for presentasjon og drøfting av kommunedelplanen for rv.5. Statsforvaltaren har invitert til eige dialogmøte, kommunen peika på at dei burde vore i planforum å tatt opp grunnlaget for dialogpunkta i møtet.

#### **Badeplass i Erdal**

VLFK, friluftsliv: Korleis vert det sikra badeplass i Erdal?

SVV: Sett krav om at det skal konsekvensutgreiast i reguleringsplanen, så den vert vidareført til reguleringsplanen.

#### **Kulturminne**

VLFK, kultur: For automatisk freda kulturminne er N12 det beste alternativet. N4 og N5 råker nausttufter, noko av det største nautstuftene i denne delen av fylket. Vi er oppteken av å ta vare på dei. For nyare tids kulturminne vil også N12 vere det beste alternativet. Miljøet rundt Fosshalla og brua er viktig for busetnaden i Naustdal. N12 vil få konsekvens for to SEFRAK bygg, men samanlikna med dei andre alternativa er ikkje verknadane så alvorlege.

#### **Avslutningsvis**

Sunnfjord kommune:

Det har vore ein spennande prosess å følgje som pågått lenge. Tidlegare Naustdal kommune var oppteken av å utgreie alternativ, så er nøgd med breidda som har vore i prosessen. Brua med naturen rundt ved Fosshalla, er på mange postkort. Ikkje overtydd om at den må behaldast, kan byggast ei ny. Rundt Fosshalla har miljøet endra seg mykje. Nyare stadanalyse viser at naustedølane er oppteken av Sanden og kanskje noko av funksjonen til Fosshalla kan flyttast, og da kan det skapast noko nytt ved Sanden. Fosshallen og huset er i dårleg forfatning, det er utfordringar med drift og vedlikehald. Det er både teikna planar det Fosshalla er vekke og der det er inne.

#### **Vedlegg**

- 1 Bestillingsskjema planforum VLFK E39
- 2 Bestillingsskjema planforum VLFK Rv 5
- 3 Planforum v1 E39 Storehaugen - Førde
- 4 Rv5 Erdal-Naustdal Planforum v1
- 5 rapp\_Risikoanalyse\_J02
- 6 Sweco\_Akvatisk rapport - E39 Førde - Storehaugen-Bruland